



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.10.2024
Møtetid:	10:00 -14:00
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Andvik	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Bjarte Andvik	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	ass.rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 92/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 93/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 19.09.24	
FO 1/2024	Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret 30.10.24	
PS 94/2024	Finansrapportering pr. 2.tertial/31.8.2024	
PS 95/2024	Kraftmelding pr. 30.06.2024	
PS 96/2024	Økonomisk rapportering - 2.tertial 2024	
PS 97/2024	Eigarmelding 2024 - Masfjorden kommune	
PS 98/2024	Plan for eigarskapskontroll 2024-28	
PS 99/2024	Plan for forvaltningsrevisjon	
PS 100/2024	Planprogram Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037	
PS 101/2024	Handlingsplan 2025 for " Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"	
PS 102/2024	Revidert samarbeidsavtale/tenesteytingsavtale mellom Masfjorden sokn og Masfjorden kommune	
PS 103/2024	Praksis i skulen - tiltak	
PS 104/2024	Busetting av flyktningar 2025	
PS 105/2024	Val av representantar til landbruksfagleg råd i Masfjorden kommune	
PS 106/2024	Val av styrerepresentant(ar) frå Masfjorden kommune til Berinvest as	
PS 107/2024	Referatsaker	
RS 25/2024	Orienteringssak - mogeleg utviding IKTNH	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 92/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 92/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 93/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 19.09.24

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 93/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 19.09.24:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 19.09.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 1/2024 Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret 30.10.24

Torill Torsvik Størkersen (Ap) og Tove Kristin Sleire Tistel (Sp) las opp felles interpellasjon som gjeld vindkraftutbygging i Masfjorden kommune

Svar frå ordførar:

Masfjorden vedtok i 2019 ein arealplan som ikkje opna for vindkraftutbygging i fjella våre. Denne planen er gjeldande til ein ny arealplan vert vedtatt. Me har i vår planstrategi som vart vedtatt i juni bestemt at arealplan arbeidet skal starte i 2027. Me vedtok også i 2019 i sak 31/2019 at:

« 1. Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan. (Dette dreide seg om nasjonal rammeplan for vindkraftutbygging som vart skrota)
2. Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen ved ein eventuell konsesjonsøknad.»

Dette vedtaket er fulgt med mange gode faktabaserte grunnar til kvifor me ikkje vil ha vindkraft i fjella våre.

I forkant av denne kommunestyre perioden så har samtlege parti i denne sal gått ut og sakt at dei ikkje vil ha vindkraft i fjella våre, og eg meiner alle parti også har dette i valprogramma sine. Eg meiner da at dette vedtaket frå 2019 står seg godt. Dette vedtaket vil og være gjeldande når me startar på arbeidet med ny arealplan i 2027. Eg er også som ordførar tydeleg på dette standpunktet og har ved fleire tilhøve uttalt meg offentleg om dette. Eg hadde blant anna eit intervju i Europower der dei i dag brukar meg som eksempel på kommunar som er imot vindkraft utbygging og eg deltok med appell på FFF sin markering 1 Oktober i år.

Interpellasjonen slik eg forstår den vil at me skal vedta i praksis det same me allereie har vedtatt i 2019. Eg ser ikkje at dette vil endre standpunktet me har som kommune i dag. Tvert i mot er eg bekymra for at eit slikt vedtak vil provosere sentrale styresmakter som har vore tydelege. Arbeiderpartiets energiminister Terje Åsland har sakt både i intervju og i debatten på NRK at han er imot desse nye prinsippvedtaka som fleire kommunar har tatt til orde for. Han vil at avgjersle skal takast på fakta grunnlag og ikkje på prinsipielt grunnlag.

Eg er bekymra for at eit slikt vedtak kan føre til det motsatte enn det me vil oppnå, nemleg at me vert pålagt ein utredningsplikt.

Kommunestyret i Masfjorden og eg som ordførar er tydeleg på at me ikkje opnar opp for vindkraft i fjella våre, dette er forankra i arealplan og i gjeldande vedtak og dette er tydeleg kommunisert ut til makthavarane og potensielle utbyggjarar. Ja, til og med fylkesordførar Jon Askeland har fått dette med seg og sa etter kraftmøtet på Mongstad at han også var imot vindkraft i Masfjordfjella.

Ut frå dette vil eg tilrå at me ikkje tar dette opp nå, men at me tar det i forbindelse med arbeidet med ny arealplan.

Ap og V bad om at det vart røysta over om ein skulle realitetsbehandle denne saka. Framlegg om å realitetsbehandle denne saka fall mot 5 røyster (Ap og V).

Tove Kristin Sleire Tistel (V) las opp interpellasjon som gjeld Ungdomskoordinator

Svar frå ordførar:

Arbeid med ungdom er eit viktig arbeid . Me vert seinare i dag informert om eit budsjett som er krevande og Ungdomskordinator bør vurderast i samråd med budsjett og allereie etablerte stillingar som jobber opp mot ungdom

V bad om at det vart røysta over om ein skulle realitetsbehandle denne saka. Framlegg om å realitetsbehandle denne saka fall mot 7 røyster (Ap, V og FrP).

Tove Kristin Sleire Tistel (V) las opp spørsmål til kommunestyret som gjeld ledige tomter i Masfjorden

Svar frå ordførar:

Det vert for tida arbeidd med ny heimeside i kommunen, dette i samarbeid med IKT-fellesskapet.

På framsida på vår heimeside er det lagt eigen kampanjeboks som er kalla "Vil du bu i Masfjorden?"

Her er det lagt inn informasjon om ledige tomter, samt ein del informasjon som er nyttig dersom du skal bygge hus i kommunen. Denne kampanjeboksen er det første du ser når du kjem inn på den nye heimesida, og slik ei stor oppgradering og satsing for å få fleire innbyggjarar til kommunen vår. Det er like før lansering, truleg allereie i løpet av neste veke.

Torill Torsvik Størkersen las om spørsmåla som gjeld avløp, praksis i skulen, underkapasitet på Masfjorden sjukeheim og utdanningsmesssa.

Svar frå ordførar som gjeld avløp:

Kommunal avløpsledning mellom Sandnes skule er i frå når « Gamleheimen vart bygd ca 1955. Dette er eit gammalt ledningsnett, med slamavskiller og inneheldt ein del samlekummar i betong med betonglokk. Betonglokka på disse kummane har ikkje pakning som vil tette mot eventuelt lukt. Dagens lokk som vert montert på kummer er i stål med pakning rundt.

Teknisk har våre i kontakt med rektor på Sandnes skule om dei er kjent med noko kloakkluft i dette området, dette er ikkje noko som skulen har kjennskap til. Teknisk har våre på synfaring for undersøking om eventuelt lekkasje og har ikkje funne noko.

Det er ikkje utført noko kartlegging av ledningsnettet med filming av innvendig rør for heile dette anlegget. Kartlegging av heile anlegget med kamera vil ha ei kostnad på ca 50.000,-, og vert utført av NORVA 24.

Ved skifting av alle avløpsrøyra sør for Sandnes skule er eit omfattande arbeid, som blant anna kryssa FV 570, 2 plassar, og kommuneveg 1 plass, som vist i kart. Ca røylengde med kummer er strekninga på ca 330m, og stipulert kostnad på ca kr 4000,- pr m.

Om kommunen må skifte ut dette avløpsanlegget som vist på kart, er det stipulert til ein kostnad på kr 1.000.000,-



Kloakkanlegg med rørsystem, kummer og slamavskillar, raudstrek.

Svar frå ordførar som gjeld praksis i skulen

Støtteordninga «praksis i skulen» er 2 delt,

1) og følgt opp med søknad om stønadsmidlar av 20.03.24 og tildelt med tilskot tilsvarende det ramma for ordninga hadde lagt opp til, for Masfjorden kommune utgjorde det kr. 47.814,- (og tatt med som referatsak under formannskapsmøte 30.4.2024, samt viser ein del referatsak 7&8 i samband med kommunestyremøte 7.5.24).

2) Låneordninga frå kunnskapsdept. var ikkje klargjort i det me ferdigstilte sak om budsjettsaldering april 2024 (sak kommunestyret 7.5.24), men er på plass no, med verknad frå 1.7.24, og me legg fram eiga sak til politisk handsaming i formannskap og kommunestyret kring denne delen av ordninga.

Ordninga inneber at ein får om lag kr. 30.000 årleg i rentekompensasjon i 8 år (basert

på sak 103/24), og forskyving av avdrag i 5 år, mot at ein betalar høvesvis meir i avdrag frå år 6 – 20.

Svar frå ordførar som gjeld utdanningsmessa.

Stemmer at tanken var at deltaking frå kommunane skulle rullere mellom kommunane i Nordhordland, men dette har ikkje fungert heilt dei seinare åra, då ein del kommunar har valt å ikkje stille. Masfjorden har deltatt og vil og delta under årets utdanningsmesse i Knarvik 20.11.24.

Svar frå helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset som gjeld underkapasitet på Masfjorden sjukeheim

Det har i den seinare tid vore stor pågang på sjukeheims plassar, og situasjonen i dag er at me må operere med venteliste for langtids plass. Over tid har det utvikla seg eit bilde av at belegget ved sjukeheimen i større og større grad er 100%. I enkelte periodar er det også slik at ein må ty til pårønderommet på sjukeheimen for å avvike korttidsopphald. Dette rommet er eit rom der pårørande kan trekkje seg attende og kvile i periodar der dei treng å vere på sjukeheimen, til dømes i siste fase av livet til deira næraste. Dette rommet står tidvis tomt, og vert då nytta til pasientrom når det elles ikkje er ledige rom. Dette er ikkje nytt, slik har det også vore i periodar tidlegare. Røykerommet har i dei seinare år ikkje vore nytta som pasientrom. Det er heller ikkje planar om det.

Om lag kvar veke får forvaltningskontoret melding frå sjukehus om innlagte pasientar som treng korttids plass ved utskrivning. Siste halvår har me hatt utfordringar med å ta imot alle utskrivingsklare som ikkje kan reise heim frå sjukehus, og i nokon tilfelle har me måtte betale til sjukehuset fordi me ikkje har kunna ta imot desse.

Gjennomsnittleg liggjetid på sjukeheimar i Norge er ca 2 år. Slik har det også vore i Masfjorden. I perioden 2020 – 2022 var gjennomsnittleg liggjetid ved Masfjorden sjukeheim ca 2 år. Det vil seie at det var i snitt 15 dødsfall pr år. I 2023 var det berre 4 dødsfall, og i 2024 har det vore 6 dødsfall så langt. Dette er naturlege svingingar, men slike svingingar har stor innverknad på plass situasjonen. Difor er det naturleg at det vil oppstå periodar med sterkare press på sjukeheims plassane, og ein slik periode er me inne i no. Det vil ikkje vere økonomisk berekraftig å rigge seg med eit tal sjukeheims plassar som skal ta høgde for alle toppar.

Det er i dag 138 personar over 80 år i Masfjorden. Masfjorden kommune har 31 sjukeheims plassar. Dette gjev det ein dekningsgrad på 22%. Det vil seie at kommunen har sjukeheims plass til 22% av befolkninga over 80 år. Eit vanleg mål i kommune Norge har vore rundt 18–20 %, men ein rapport som Helsedirektoratet utarbeidde i 2022 viser at det på landsbasis berre er 16,3% sjukeheimsdekning for eldre over 80 år i Noreg.

Dette har samband med at mange kommunar har satsa aktivt på utbygging av heimebaserte tenester, inkludert nattpatrulje og bemanna omsorgsbustader.

Utfordringa i Masfjorden er spreidd busetnad, lange avstandar og ein fjord som deler kommunen. Heimetenesta er delt inn i 3 distrikt, og det er svært ressurskrevjande å bemanne opp alle distrikt med like god tilgang på tenester heile døgret. I dag har me ikkje aktive nattevakter i heimetenesta. Utrykningar om natta er basert på bakvaktsordning med heimevakt. Denne vert berre nytta i akutte situasjonar ved utrykning på tryggleiksalarmar og sjukepleieoppgåver ved sjukeheimen på natt. Tenestetilbodet i dag er ikkje tilstrekkeleg tilrettelagt for at relativt omsorgstrengjande kan bu heime eller i omsorgsbustad. Mange klarar ikkje bu i omsorgsbustad pga utryggheit og mangel på tilstadeværande personale. Å styrke heimetenesta kan til ein viss grad avhjelpe situasjonen på sjukeheimen, men ein ser at i mange situasjonar vil ikkje heimetenestene kunne ivareta behovet for tryggleik gjennom heile døgret.

Tiltak på kort sikt (2024-2025):

1. For å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus har me frå oktober 24 måtte leige ein plass ved Modalstunet i Modalen kommune, i første omgang i 4 mnd til korttidsopphald. Her kan det verte behov for leige av 1 plass til i påvente av ledige plasser på sjukeheimen.
2. I samband med budsjett 2025 vert det føreslege å styrke omsorgstenesta med ekstra nattevakt ved sjukeheimen. Det har over tid vore stort arbeidspress på natt som følge av at pasientane treng tettare oppfølging, og det har vorte fleire oppdrag i nærliggjande omsorgsbustader for nattevaktene. Siste halve året har sjukefråværet på natt vore svært høgt. Å få styrka bemanninga på natt vil og bidra til at ein vil ha kapasitet til betre oppfølging av heimebuande på nattestid, og då særleg i området rundt sjukeheimen. Dette kan avlaste pågangen på sjukeheimsplassane.
3. Det vert arbeidd med er å innreie ein av omsorgsbustadene nær sjukeheimen til midlertidig bustad for rehabiliteringspasientar som ikkje treng døgnkontinuerleg tilsyn. Oppfølging av dei som bur her vert gjort av heimetenesta på dag/kveld og nattilsyn frå sjukeheimen. Husværet vert no utstyrt med velferdsteknologi, og klargjering med inventar og utvask pågår. Dette tiltaket vil også avlaste presset på sjukeheimen. (Dette gjeld Hostelandslia 16 B, tidlegare avlastningsbustad/del av Svingen)
4. Det vert også arbeidd med å leggje til rette for å raskt kunne innstallere velferdsteknologi i dei andre nærliggjande omsorgsbustadene til sjukeheimen (11 til saman) i løpet av 2025. Det er allereie innstallert velferdsteknologi med døralarm og sengematte som varslar ved fråvære i ei av desse leilighetene, og det vert no arbeidd med tilrettelegging for det same i dei andre Dette kan utsette behov for sjukeheimsplass til ein viss grad, men ikkje i alle tilfelle. Ein føresetnad for å kunne følge opp og respondere på hjelpebehov i desse bustadene er å få styrka nattenesta ved sjukeheimen slik som føreslege i budsjett 2025.

Langsiktige tiltak (2025 -):

Me veit at talet eldre i Masfjorden er aukande framover dei neste 10-20 åra. SSB skisserer at gruppa 80+ som i dag tel 138 menneske, vil auke til 180 i 2035, og til 230 i 2045. Frå 2045 flater talet ut. Masfjorden kommune har eit høgt tal demens i befolkninga samanlikna med resten av landet. «Demenskartet» seier at «Befolkningen i Masfjorden er eldre enn gjennomsnittet i Norge, og har derfor også en høyere andel med demens.» Masfjorden sin andel er på 3,19%. (Alver 1,81, Austrheim 2,3, Gulen 2,7).

1. For å møte den sterke auken me står overfor i komande 10 og 20 års periode er det viktig at ein kjem i gang med å planlegge for omsorgstenesta i framtida. Dette gjeld både bygningsmasse, bemanning, kompetanse og organisering av tenestene.
2. Bustadspolitisk plan skisserer at «Tilbodet om omsorgsbustader for eldre m.fl. skal styrkast både på Haugsvær, Sandnes og Hosteland. Det skal etablerast 10 nye omsorgsbustader i kommunen dei neste 8 åra.»

Ein bør allereie tidleg i 2025 starte prosess med planlegging for bygging av nye bustader på Hosteland. Det bør setjast ned ei prosjektgruppe som får eit mandat knytt til dette. Det er behov for omsorgsbustad pluss i form av bufellesskap eller bukollektiv, jf husbanken sin vegleiar. Dei nye bustadene må ha tilgang til personale på heildøgnsbasis og være knytt fysisk til sjukeheimen. Me ser særskilt eit auka behov for bustader og heildøgn tenester til demente. Ein bør vurdere 6 nye bustader lagt til området ved sjukeheimen for å møte framtidige behov.

3. Korleis Masfjorden kommune skal møte dei utfordringa som veksten i talet eldre viser bør få grundig fokus i arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg som skal starte i 2025.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 1/2024 Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret 30.10.24:

Interpellasjonar og spørsmål med svara frå ordførar og Rådmannen vart tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 94/2024 Finansrapportering pr. 2.tertial/31.8.2024

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 94/2024 Finansrapportering pr. 2.tertial/31.8.2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Finansrapport pr. 31.august 2024/2.tertial vert teken til vitring.

Avkastning pr. 2.tertial utgjer over 4,8 mill.kr.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 95/2024 Kraftmelding pr. 30.06.2024

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 95/2024 Kraftmelding pr. 30.06.2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftmelding pr. 30.6.24 vert teken til vitring.

Innspeil til energiminister/energidepartementet:

Masfjorden kommunestyre meiner at det no er på tide å fjerne høve til å trekke i frå grunnrenteskatten i eigedomsskattegrunnlaget jf. sktl. § 18-5, **og fjerne makstaket**, subsidiert prisjustere taket i tråd med prisstigning. Vidare meiner ein at kommunane må få betre innsyn og høve til klage over eigedomsskattegrunnlaga for kraftanlegg.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 96/2024 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2024

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 96/2024 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2024 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2024 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Kommunen sine finansielle måltal vert utvida med eit disposisjonsfondskrav i tråd med tilråding frå statsforvaltaren. Nytt måltal: disposisjonsfond utover kraftfond på minst 50,0 mill.

Politiske sakar med budsjettkonsekvensar over kr. 500.000 bør meldast med obligatoriske budsjettskjema.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 97/2024 Eigarmelding 2024 -
Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 97/2024 Eigarmelding 2024 -
Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Eigarmelding 2024 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 98/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-28

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 98/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-28:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 - 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. IKT Nordhordland - i samarbeid med andre eigarkommunar

Kontrollutvalet legg som føresetnad at ein eigarskapskontroll av interkommunalt selskap må gjerast i samarbeid med andre eigarkommunar. I forkant av bestillingsprosessen vil difor kontrollutvalet invitera andre eigarkommunar til eit slikt samarbeid.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 99/2024 Plan for forvaltningsrevisjon

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 99/2024 Plan for forvaltningsrevisjon:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Helse og omsorg – økonomistyring
2. Psykososialt miljø - skule
3. Forvaltning av kommunale bygg/eigedom – teknisk (skule/barnehage)

Uprioritert liste:

- Teknisk – vatn og avlaup
- Teknisk – veg og infrastruktur
- Skule – lovar og reglar

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 100/2024 Planprogram
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 100/2024 Planprogram
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037:

Vedtak frå kommunestyret:

Planprogram for «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Masfjorden
kommune 2025-2037» vert vedteke slik den ligg føre med dei innspela og endringane som
går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 101/2024 Handlingsplan 2025 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) ba om at idrettshall vart retta til fleirbrukshall alle stader.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 101/2024 Handlingsplan 2025 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet":

Vedtak frå kommunestyret:

1.

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, andre innspel og eigne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande:

Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for 2025 vert vedteken:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søker
1	Flomlysanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg, treningsbane	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
2	Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule
3	Rehabilitering/ friidrettsdekke på Nordbygda idrettsanlegg inkl delanlegg for friidrett	Masfjorden kommune
4	Rehabilitering av gymsaldekke, Sandnes skule	Masfjorden kommune
5	Fleirbrukshall	Masfjorden kommune
6	Varmestove ved skitrekket i Stordalen	IL BW
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søker
1	Sektor vest Nordbygda idrettsanlegg	Risnes IL
2	Sektor aust Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord FK
3	Padeltennisbane mm, Nordbygda idrettsanlegg	Masfjorden kommune

4	Nærmiljøanlegg Sandnes skule	Masfjorden kommune
---	------------------------------	--------------------

Temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer 2025:

A	Mindre tiltak	Ansvar
1.	Skilting, merking og utbetring av stiar	Masfjorden kommune
B.	Større tiltak	Ansvar
1.	Ingen	

2.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024 vert gjeldande ut 2025.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 102/2024 Revidert samarbeidsavtale/tenesteytingsavtale mellom Masfjorden sokn og Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedtek.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 102/2024 Revidert samarbeidsavtale/tenesteytingsavtale mellom Masfjorden sokn og Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Tenesteytingsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden sokn vert vedteken slik den ligg føre i saksvedlegget.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 103/2024 Praksis i skulen - tiltak
Saka vart drøfta.

Veronika Hjartholm (H) sette fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak frå formannskapet

Masfjorden kommune vil bruke forskrift for rentekompensasjon til investering i læringsarenaer i dei praktiske fag. Masfjorden kommune vil pusse opp inventar, utstyr og areal på alle skulane våre innan ein investeringsperiode på 4 år (2024-2027). Kommunestyret legg fram fylgjande tilrådd liste som rektorar og SU ved skulane kan omrokere i samarbeid med Teknisk etat. Evt. omrokering skal stadfestast av kommunestyret. Satsinga er lagt opp innafor låneramma på kr. 6.926.000 som husbanken har rentekompensasjon for. Skulle enkelte tiltak realiserast med alternativ betre finansiering er det rom for å ta desse tiltaka ut av ramma.

Matre skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Oppgradering av naturfagrom
- Betre ventilasjon på lager og rom for keramikk, kunst og handverk
- Utstyr til keramikk og kunst og handverk, bl.a. Symaskiner
- Oppgradering av uteområde på baksida av skulen

Sandnes skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Utsyr i keramikk og kunst og handverk, bl.a. symaskiner
- Nytt sportsdekke i gymsal
- Oppgradering av fastmontert turnapparat i gymsal
- Uteområde på skulen

Nordbygda skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Uteområde på skulen

- Naturuteområde ved skulen/ Blåbærhaugen

Tove Kristin Sleire Tistel (V) bad om gruppeleiarmøte. Møtet vart heva

Røysting:

Det vart først røysta over framlegg til vedtak frå formannskapet. Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til tilleggspunkt frå H. Tilleggsframlegg frå H vart samrøystes vedteke

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 103/2024 Praksis i skulen - tiltak:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune finansierer fornying av kjøkken på Nordbygda skule gjennom kompensasjonsordninga i Husbanken, med opptak av lån i høve kostnaden som ligg i investeringsbudsjettet kr. 840.000-.

Masfjorden kommune vil bruke forskrift for rentekompensasjon til investering i læringsarenaer i dei praktiske fag. Masfjorden kommune vil pusse opp inventar, utstyr og areal på alle skulane våre innan ein investeringsperiode på 4 år (2024-2027). Kommunestyret legg fram fylgjande tilrådd liste som rektorar og SU ved skulane kan omrokere i samarbeid med Teknisk etat. Evt. omrokering skal stadfestast av kommunestyret. Satsinga er lagt opp innafor låneramma på kr. 6.926.000 som husbanken har rentekompensasjon for. Skulle enkelte tiltak realiserast med alternativ betre finansiering er det rom for å ta desse tiltaka ut av ramma.

Matre skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Oppgradering av naturfagrom
- Betre ventilasjon på lager og rom for keramikk, kunst og handverk
- Utstyr til keramikk og kunst og handverk, bl.a. Symaskiner
- Oppgradering av uteområde på baksida av skulen

Sandnes skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Utsyr i keramikk og kunst og handverk, bl.a. symaskiner

- Nytt sportsdekke i gymsal
- Oppgradering av fastmontert turnapparat i gymsal
- Uteområde på skulen

Nordbygda skule:

- Oppgradering av skulekjøkken
- Oppgradering av utstyr i sløydsal
- Uteområde på skulen
- Naturuteområde ved skulen/ Blåbærhaugen

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 104/2024 Busetting av flyktningar 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 104/2024 Busetting av flyktningar 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune tek i 2025 imot inntil 10 nye flyktningar

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 105/2024 Val av representantar til landbruksfagleg råd i Masfjorden kommune

Medlem i valutvalet Stian Sjøvik (Sp) la fram framlegg til vedtak frå valutvalet

Framlegg til vedtak frå valutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 105/2024 Val av representantar til landbruksfagleg råd i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande fem personar til å delta i landbruksfagleg råd:

- varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) - leiar
- Gunnar Andvik (H) - medlem
- Erik Kvinge - medlem
- Lars Elling Haugsvær - medlem
- Siv Aasen Børnes - medlem
- Morten Børnes - vara

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 106/2024 Val av styrerepresentant(ar) frå Masfjorden kommune til Berinvest as

Medlem i valutvalet Stian Sjøvik (Sp) la fram framlegg til vedtak frå valutvalet.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vel følgjande person(ar) til styret i Berinvest AS i prioritert rekkefølge:

1. Sveinung Toft
2. Ørjan Daae (FrP)

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 106/2024 Val av styrerepresentant(ar) frå Masfjorden kommune til Berinvest as:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune vel følgjande person(ar) til styret i Berinvest AS i prioritert rekkefølge:

- Sveinung Toft
- Ørjan Daae (FrP)

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 107/2024 Referatsaker

Referatsaker:

- Orienteringssak - mogeleg utviding IKTNH

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet
- ordførar orienterte kort om møte med NGIR ang gjenvinningsstasjon
- ordførar orienterte kort om status datasenter på Matre
- ordførar orienterte kort om status forprosjekt fleirbrukshall - Nyskapande anlegg

Orientering frå Rådmannen:

- helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset orientering om korleis ein jobbar med helse rapporten som vart lagt fram i sist kommunestyremøte
- rådmannen orienterte om utfordringar knytt til budsjettarbeidet 2025

Vedtak frå Kommunestyret - 30.10.2024 av sak 107/2024 Referatsaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.